Vest-Telemark rådet

samarbeid på alle område og alle plan

Til ordførarane og rådmennene i kommunane:
Fyresdal, Kviteseid, Nissedal,
Seljord, Tokke og Vinje.

15. januar 2014

# *Innkalling til rådsmøte*

**Stad:** **Morgedal Hotell**
**Dato:** **Tysdag 21. januar 2014**
**Kl. slett:** **09.00**

Innleiingsvis i møtet 21.januar vil Lars Torstein Momrak frå Vest-Telemark vidaregåande skule informere nærare om det framtidige behovet for arbeidskraft innafor omsorgsfaga.
Vest-Telemarkrådet vil vidare drøfte viktige saker som framtidig sjukehusstruktur og framtidig organisering av brann- og redningsvesenet med tanke på å gje uttale i desse sakene. Rådet har invitert representantar frå aktuelle institusjonar for å få nærare informasjon også om desse sakene.

Det ligg også føre invitasjon til å uttale seg om forslag til endring i presteressursane og prostistrukturen i øvre Telemark, samt invitasjon til å gje uttale i høve til detaljreguleringsplanar for 3 delstrekningar på RV 36 mellom Bø og Seljord.

På møtet vil Vest-Telemarkrådet også få nærare informasjon om endringar innafor dei regionale midlane og prosjektet "dei gode hjelparane", samt informasjon frå leiar i Telemark Turistforening som går på samhandling om ressursar og kompetanse i Telemark.

Vi ynskjer vel møtt i Morgedal 21. januar.

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet

Jon Svartdal (sign)
Regionordførar

Kjell Gunnar Heggenes
Regionrådsleiar

**Telefon:** 350 68400
**Fax:** 350 68401
**E-post:** vtr@vest-telemark.no
**Web:** www.vest-telemark.no
**Bank:** 2660.65.03724
**Adresse:** Granlivegen 1A
Veksthuset
3850 KVITESEID

# Sakliste til rådsmøte 21. januar 2014

Sak 07/2014 Referat frå ekstra rådsmøte 8. januar 2014

Sak 08/2014 Framtidig behov for arbeidskraft innanfor omsorgsfaga –
ei utfordring for kommunane.
Orientering v/Lars Torstein Momrak, Vest-Telemark
vidaregåande skule

Sak 09/2014 Styrerepresentasjon i ulike selskap med kommunalt eigarskap
Notat frå rådmannsutvalet

Sak 10/2014 Val av representantar til styret for bomselskapet
Odda Vegfinans AS
(Gjeld kommunane Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje)

Sak 11/2014 Telemark Bilruter AS, etablering av nettverk

Sak 12/2014 Utviklingsplan 2014 – 2016 for Sykehuset Telemark
Innspel i samband med høyringsuttale
Overlege Ragnhild Aarrestad ved DPS Seljord orienterer

Sak 13/2014 Forslag til endring i presteressursane og prostistrukturen
i øvre Telemark. Forslag til uttale

Sak 14/2014 Orientering om endringar innan dei regionale midlane
Orientering om prosjektet ”De gode hjelperne

Sak 15/2014 Samhandling om ressursar og kompetanse i Telemark
Orientering ved John Atle Holmberg frå Telemark Turistforening

Sak 16/2014 Brann- og redningsvesenets organisering og ressursbruk, høyring
Orientering v/brannsjef Tore Metveit, Vest-Telemark Brannvesen

Sak 17/2014 RV 36 Bø – Seljord. Detaljreguleringsplaner for Stodi, Bukti og og Bjørge – offentleg ettersyn.

Sak 18/2014 Orienteringssaker

- Utviklingsprogrammet for byregionar – orientering frå møte 9. januar.
- KID-midlar 2014, orientering frå møte 9. januar
- Domstolstuktur, orientering frå møte 13. januar

# Referat frå ekstra møte i Vest-Telemarkrådet 8. januar 2014.

Tilstades: Regionvaraordførar Erik Skjervagen, Torstein Tveito, Jan Torbjørn Sollid Tveit, Hilde Alice Vågslid, Arne Vinje, Øyvind Tveit, Olav Kaasa, Per Dehli, Brit Houge, Jan Myrekrok, Sverre Sæter og Kjell Gunnar Heggenes.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

**Sak 01/2014 Referat frå rådsmøte 26. november 2013.**
*Vedtak: Referat frå rådsmøte 26. november 2013 vert samrøystes godkjent.*

**Sak 02/2014 Dialog med Statens vegvesen om komande utbetringar på E 134 mellom Seljord og Åmot.**
Avdelingsdirektør Kjell Solheim, seksjonssjef Helene Byre og prosjektleiar Turid Leikvoll frå Statens vegvesen Region sør var tilstades og orienterte nærare om den nye sitasjonen som har oppstade på strekningen Seljord - Åmot etter at bompengeordninga har falle bort.
Strekningen Seljord - Brunkeberg har hatt 1.-prioritet i bompengeprosjektet ut frå regelverket for den planlagte bomplasseringa i Heggtveitbakkane, og bortfallet fører til at det er aktuelt å endre prosjekt-rekkefylgja slik at dei "vanskelegaste" parsellane vert prioritert fyrst.
Dette inneber at strekningen Seljord – Brunkeberg kjem til utbetring som siste prosjekt av dei 4, og at det kan bli aktuelt å be om auka løyvingar når den tid kjem.
Kjell Solheim orienterte også kort om status for bomprosjekta på Rv 36, status for utbetringane på E 134 i Grungedal samt om vedlikehaldsplanane på Rv 41.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til vegvesenets forslag om å utbetre dei aktuelle delstrekningane i fylgjande rekkjefylgje: Åmot aust, Rui-bakkane, Liberg-bakkane og Seljord – Brunkeberg. Dersom det oppstår behov for auka løyvingar, vil ein ta opp dette på eit seinare tidspunkt.*

**Sak 03/2014 Dialog med Telemark Bilruter i samband med organiseringa av lokal kollektivtrafikk.**
Styreleiar Birger Nygård og disponent Svein Olav Straand var tilstades og orienterte om utviklinga i Telemark Bilruter dei seinare åra, dagens aktivitet og situasjonen i samband med organiseringa av kollektivtrafikken i Telemark og Agder-fylka. Saken om organisering av kollektivtrafikken har gått føre seg over lengre tid, og vart utsett nok ein gong i handsaminga i Fylkestinget 10. - 11. desember 2013.
I tillegg til spørsmålet om Vestviken kollektivtrafikk skal halde fram som innkjøpsorgan for fylkeskommunen, gjeld også saken val av kontraktsform, hhv brutto- og nettokontrakter.
Netto-kontrakter er kjenneteikna av at transportørane beheld billett-inntektene og såleis også har kostnadsrisikoen. Denne forma er sterkt ynskjeleg sett frå regionalt hald då netttokontraktene vidarefører det ansvaret og det engasjementet som har kjennteikna dei lokale trafikkselskapa opp gjennom tidene.
Nettokontrakter er eit viktig grunnlag for å kunne vidareutvikle ekspressrutene Haukeliekspressen, Telemarkekspressen og Grenlandsekspressen, som står for meir enn 50 % av Telemark Bilruters omsetning.
Selskapet er ei viktig regional bedrift med eit betydeleg antal arbeidsplassar og stor aktivitet både i og utanfor regionen.

*Vedtak:*
*Vest-Telemarkrådet ynskjer* å utvikle eit nærare *samarbeid mellom regionen og Telemark Bilruter, og legg til grunn eit langsiktig perspektiv i dette. På kort sikt vil samarbeidet gjelde den vidare organiseringa av kollektivtrafikken i Telemark.*
*Rådet ser det som tenleg at det vert oppretta eit permanent nettverk samansett av representantar frå regionen og trafikkselskapet. Nettverket skal mellom anna ha som mandat å bidra til auka informasjon og dialog med aktuelle politiske og administrative nivå.*
*Forslag til samansetnad av nettverket vert å sette opp som sak på komande rådsmøte.*

**Sak 04/2014 Spørsmål om deltaking i tilskotsordning gjeldande "Utviklings-programmet for byregionar".**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (tidl. KRD) lyser inneverande år ut inntil 27 mill kroner til eit utviklingsprogram for byregionar, der ein mellom anna har som siktemål å få auka kunnskap om samspelet mellom by og omland, og bidra til vidare utvikling i regionane.
Telemark fylkeskommune har tillyst eit arbeidsmøte 9. januar der ein ynskjer å orientere nærare om saken og klårlegge interessa for å søke midlar frå programmet.
Rådmennene i Vest-Telemarkkommunane har, etter møte 7. januar, signalisert at dei ikkje vil tilrå at kommunane/regionen utarbeider felles søknad.
*Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til rådmennenes tilråding om ikkje å søke midlar frå dette utviklingsprogrammet.*
*Regionrådsleiar har høve til å møte i arbeidsmøtet 9. januar og gjera greie for rådets vedtak.*

**Sak 05/2014 Dialog med Integrerings- og mangfoldsdirektoratet, IMDI omkring moglegheitene for busetting av flyktningar.**

Regiondirektør Ingrid Sætre og seniorrådgjevar Beata Reppen frå IMDI Sør var tilstades og orienterte nærare om bakgrunnen for saken.
Meir enn 5000 flykningar har i dag fått løyve til å busette seg i Noreg, men sit i asylmottak og ventar på ein stad å busette seg. Flyktningane kjem for ein stor del frå Somalia, Eritrea, Afganistan, Syria og Sudan. Representantane frå IMDI peika på at mange av desse har god utdanning og vil på sikt kunne bli verdfulle arbeidstakarar i kommunane. Det vart vist til at det er sendt formelle henvendingar til Kviteseid, Nissedal og Tokke om å busette eit konkret antal flyktningar i 2014.
Ordførarane gjorde greie for situasjonen i kvar enkelt kommune, og det vart orientert om dei ulike tiltaka og erfaringane ein har i høve til bustader, utdanning, integrering osb.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande. Det er aktuelt å invitere representantar frå IMDI og gjerne også Husbanken til eit seinare rådsmøte.*

**Sak 06/2014 Orienterings- og drøftingssaker.**

Nyttårsmøtet på Skagerak Arena 3. januar.
Møtet var initiert av fylkesordførar Terje Riis Johansen og lagt opp som eit felles rådslag om:

- utfordringane for Telemark i 2014
- korleis vi saman kan fremje fylkets interesser
- korleis vi kan samarbeide for å gjera 2014 til eit godt år for Telemark.

På rådsmøtet kom det fram synspunkt om at møtet var viktig, og at dette er ei type samling som det er ynskjeleg å gjenta.

Domstolstruktur.
Det låg føre e-post frå jordskifterettsleiar Svein Dag Midtsund med invitasjon til å delta i eit komande møte mellom leiarane av jorskifteretten/Tingretten i Kviteseid og representantar frå tilsvarande rettsinstansar i Hallingdal/Øvre Buskerud. Det vart klårlagt at Erik Skjervagen, Hans Bakke og Kjell Gunnar Heggenes skal delta på møtet.

Sjukehussaken, herunder forslag om å flytte DPS frå Seljord.
Forslaget om å legge ned DPS i Seljord rammar ei svak gruppe i samfunnet.
Seljord kommune arbeider med uttale i saken som også kan leggast til grunn i ei mogleg uttale frå Vest-Telemarkrådet. Uttaleforslag vil ligge føre torsdag 16. januar med tanke på distribusjon til medlemene av Vest-Telemarkrådet og eventuell handsaming i rådsmøtet 21. januar.

Forslag om endring av presterssursane og prostistrukturen i øvre Telemark – høyring.
Det låg føre høyringsbrev frå Agder og Telemark bispedømmeråd gjeldande endringar innan presteressursane i Aust-Telemark prosti og Vest-Telemark prosti. Vidare låg det føre endringsforslag om å slå saman dei 2 prostia til eit nytt *"Øvre Telemark prosti"* med prostesete lagt til Seljord.
Vest-Telemarkrådet ba Tokke kommune lage utkast til felles uttale med tanke på godkjenning i Rådet. Uttalefrist er sett til 15. februar 2014.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes

## Sak 08/2014 Framtidigbehov for arbeidskraft innanfor omsorgsfaga – ei utfordring for kommunane.

Bakgrunn:
Lars Torstein Momrak frå Vest-Telemark videregåande skule informerer om dei framtidige behova for arbeidskraft innanfor omsorgsfaga kommunane har i tida framover.

Aktuelt
Det har nyleg vore sak i media at få nyutdanna sjukepleierar ynskjer å jobbe på sjukeheim. Ei sak på nrk.no er det vist til ei undersøking gjort av Norsk sjukepleierforbunds studentorganisasjon at berre 7% av nyutdanna sjukepleierar sett sjukeheim som sitt fyrsteval.

Sjå nyheten frå NRK her: http://www.nrk.no/norge/fa-sykepleiere-vil-pa-sykehjem-1.11463546

*Forslag til vedtak:*

## Sak 09/2014 Styrerepresentasjon i ulike selskap med kommunalt eigarskap.

Bakgrunn:
I møte 19.mars 2013 handsama Vest-Telemarkrådet sak omkring styrerepresentasjon i selskap kommunane har eigarskap til. Det vart gjort slikt vedtak:

"Styrerepresentasjon i Renovest og andre selskap.
Det er behov for å drøfte representasjon frå kommunane i høve til dei enkelte selskapa kommunane har eigarskap til.
*Vedtak: Rådmannsutvalet får, saman med regionrådsleiar, i oppdrag å førebu og legge til rette for kommunanes representrasjon i dei ulike selskapa og legge fram forslag til systematikk. Dette blir tema på rådmannsmøtet 9. april."*

I tråd med vedtaket har rådmannsutvalet v/Ketil Kiland utarbeidd notat med oversikt over dei ulike selskapa der kommunane er inne på eigarsida.

Notatet er vedlagt som lenke her: http://www.vest-telemark.no/content/view/embed/27364

Som det går fram av notatet er oversikten ikkje nødvendigvis uttømande, og ein har utelete selskap der berre ein kommune har eigarskap, og har heller ikkje teke med selskap som td Kvito der 3 av kommunane er med.

Ein legg notatet fram til vidare drøfting i Vest-Telemarkrådet 21. januar.

## Sak 10/2014 Val av representantar til styret for bomselskapet Odda vegfinans AS

Bakgrunn:
I brev datert 8. januar 2014 frå Odda vegfinans AS til kommunane Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje vert dei 4 kommunane bedt om å nominere eit styremedlem til valet på komande generalforsamling 10. mars.
Kommunane i Vest-Telemark har ein av dei to kommunerepresentantane i styret for selskapet, og er no representert ved Solveig Sundbø Abrahamsen, med Arne Vinje som personleg vararepresentant.
Solveig har bedt om å få avløysing på generalforsamlinga 10. mars.
Av omsyn til lovbestemt kjønnsbalanse må styremedlemmet vera ei kvinne.

Brev frå Odda vegfinans er vedlagt som lenke her: http://www.vest-telemark.no/content/view/embed/27363

Forslag til vedtak:
*Kommunane Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje nominerer …… som Vest-Telemarkkommunanes kandidat til styret i Odda vegfinans AS for 2-årsperioden 2014 – 2015.*

## Sak 11/2014 Telemark Bilruter AS, etablering av nettverk.

Bakgrunn:
I ekstra rådsmøte 8. januar var styreleiar og dagleg leiar i Telemark Bilruter AS tilstades og orienterte nærare om verksemda i selskapet og organiseringa av kollektivtrafikken i Telemark. I tillegg til lokale bussruter driv Telemark Bilruter ekspressrutene Haukeliekspressen, Telemarkekspressen og Grenlandsekspressen, og er også involvert i godstransport og renovasjon. Selskapet er ei viktig regional bedrift med betydeleg antal arbeidsplassar og stor aktivitet i og utanfor regionen.
Telemark fylkeskommune har ansvaret for den lokale busstrafikken og skulerutene i fylket, og har i dei seinare åra sett bort innkjøpsfunksjonen for kollektivtrafikk-tenestene til selskapet Vestviken Kollektivtrafikk. Etter drøftingar over tid vurderer fylkespolitikarane ei mogleg tilbakeføring av desse oppgåvene til fylkeskommunen sett opp mot å vidareføre avtalene med Vestviken Kollektivtrafikk.

I samband med innkjøpsfunksjonen og organiseringa av kollektivtrafikken, er val av kontraktsform ein viktig del av saken og av stor betydning for Telemark Bilruter og selskapets vidare utvikling.
Ein skil mellom såkalla bruttokontrakter og nettokontrakter, der den sistnemnde kontraktsformen er sterkt ynskjeleg sett med regionale augo. Denne kontraktsformen vidarefører nemleg det ansvaret og engasjementet som har kjenneteikna dei lokale busselskapa opp gjennom tidene, og som også ligg til grunn for utviklinga av dagens ekspressruter.
Bruttokontrakter derimot inneber at ansvaret vert lagt til Vestviken og på den måten reduserer busselskapas ansvar og interesse for å vidareutvikle marknaden.

På det ekstra rådsmøtet 8. januar kom det forslag om å innleie eit nærare samarbeid mellom Telemark Bilruter og Vest-Telemarkrådet med tanke på å fremje regionens interesser og medverke til vidare positiv utvikling i selskapet. Det vart gjort slikt vedtak:
*"Vest-Telemarkrådet ynskjer å utvikle eit nærare samarbeid mellom regionen og Telemark Bilruter, og legg til grunn eit langsiktig perspektiv i dette. På kort sikt vil samarbeidet gjelde den vidare organiseringa av kollektivtrafikken i Telemark.*
*Rådet ser det som tenleg at det vert oppretta eit permanent nettverk samansett av representantar frå regionen og trafikkselskapet. Nettverket skal mellom anna ha som mandat å bidra til auka informasjon og dialog med aktuelle politiske og administrative nivå.*
*Forslag til samansetnad av nettverket vert å sette opp som sak på komande rådsmøte.*

Forslag til vedtak:
*Vest-Telemarkrådet viser til vedtak i sak 03 i ekstra rådsmøte 8. januar 2014 og opprettar eit permanent nettverk med representantar frå Telemark Bilruter og Vest-Telemarkrådet.*
*Frå Telemark Bilruter deltek 2 personar, herunder dagleg leiar.*
*Frå Vest-Telemarkrådet deltek regionordførar, regionvaraordførar og regionrådsleiar.*
*Nettverket kan utvidast etter behov, og skal mellom anna ha som mandat å bidra til auka informasjon og dialog med aktuelle politiske og administrative nivå.*

# Sak 12/2014 Utviklingsplan 2014 – 2016 for Sykehuset Telemark
## Innspel i samband med høyringsuttale

Bakgrunn:
I høyringsbrev frå Sykehuset Telemark datert 17. desember 2013 vert det invitert til å kome med innspel til *Utviklingsplan 2014 – 2016 for Sykehuset Telemark.*
Planen skisserer i utgangspunktet 3 ulike scenario som i løpet av prosessen har munna ut i ein tilrådd modell.
Tilrådinga inneber mellom anna at akuttfunksjonen ved Rjukan Sjukehus blir nedlagt slik at sjukehuset blir *"dagsykehus/lokalmedisinsk senter med bredt dagbehandlingstilbud"*.
Vidare tilrår planen *"flytting av døgnsenger psykiatri frå Seljord til Notodden "*.
I folkeleg tale betyr tilrådinga at Rjukan sjukehus vert lagt ned og distrikts-psykiatrisk senter i Seljord vert flutt til Notodden.

Høyringsdokument for utviklingsplanen 2014-2016 frå Sykehuset Telemark HF finn de på www.sthf.no eller ved å klikke her.

Uttalefristen er sett til 1. mars 2014, og Vest-Telemarkrådet vil gje uttale i saken.

Som ledd i det førebuande arbeidet har Vest-Telemarkrådet invitert overlege Ragnhild Aarrestad, som saman med ein representant til frå DPS Seljord, vil kome til rådsmøtet 21. januar for å informere nærare om kva omlegginga inneber.
Til møtet vil det også ligge føre uttaleforslag frå Seljord kommune.

Utkast til uttale er vedlagt som lenke her: http://www.vest-telemark.no/content/view/embed/27365

*Forslag til vedtak:*
*Med grunnlag i orienteringa i møtet, uttaleforslaget frå Seljord samt innspel frå dei andre kommunane i rådet, vil det bli utarbeidd forslag til uttale frå Vest-Telemarkrådet.*
*Forslaget leggast fram for Rådet for endeleg godkjenning.*

## Sak 13/2014 Forslag til endring i presteressursane og prostistrukturen i øvre Telemark.

Bakgrunn:
I høyringsbrev frå Agder og Telemark bispedømmeråd vil ein ha uttale på endringar innan presteressursane i Aust-Telemark prosti og Vest-Telemark prosti. Det ligg føre endringsforslag om å slå saman dei 2 prostia til eit nytt *"Øvre Telemark prosti"* med prostesete lagt til Seljord.

På ekstra Rådsmøte 8. Januar 2014 var det drøfta i sak 6 *"Forslag om endring av presteressursane og prostistrukturen i øvre Telemark – høyring"*.

Vest-Telemarkrådet ba Tokke kommune lage utkast til felles uttale med tanke på godkjenning i Rådet. Høyringsfrist er sett til 15. februar 2014.

Høyringa frå Agder og Telemark bispedømmeråd finn de her: http://www.vest-telemark.no/content/view/embed/27358

Utkast til felles uttale
Utkast til felles uttale finn de her: http://www.vest-telemark.no/content/view/embed/27362

*Forslag til vedtak:*

## Sak 14/2014 Orientering frå Telemark Fylkeskommune – endringar innan dei regionale midlane og prosjektet "De gode hjelperne".

Bakgrunn:

**Mindre penger til utvikling i 2014**
Det er varsla kutt i dei regionale utviklingsmidlene for Telemark i 2014 med 16 millioner kroner. Dette er viktige distriktsretta utviklingsmidlar og vil påverke satsingar her i Vest-Telemark.

I 2013 fekk Telemark 59,5 millioner kroner i regionale utviklingsmidler. Sjå korleis dei regionale utviklingsmidlene var fordelt i 2013 her: http://www.telemark.no/Vaare-tjenester/Naeringsutvikling/Aktuelt/60-millioner-til-regional-utvikling - .UtY8FnmKS0w

Geir Morten Johansen frå Telemark Fylkeskommune informerer om saka, og om det vidare utviklingsarbeidet i Telemark.

**Prosjektet "De gode hjelperne – i eit internationalt perspektiv"**
Alle kommunar / næringsaparat er invitert til å delta i forstudien som er planlagt å vare fram til juni 2014. Det er ynskjeleg med deltaking frå Vest-Telemark i dette arbeidet.

Det er Thrond Kjellevold er prosjektleiar, og Geir Morten Johansen er prosjektansvarleg for forstudien. Prosjektplanen finn de her: http://www.vest-telemark.no/content/view/embed/27361

Dei næringsansvarlege i kommunane er invitert til å delta på møtet.

*Forslag til vedtak:*

## Sak 15/2014 Samhandling om ressursar og kompetanse i Telemark.

Bakgrunn:
I oktober 2013 møtte dagleg leiar i Telemark Turistforening Jon Atle Holmberg dei reiselivsansvarlege i Vest-Telemark på Norigard Bjørge og informerte mellom anna om felles skiltsøknad i Telemark. På møtet var det også peika på at ein framover bør samhandle på tvers av aktørane som driv med tilrettelegging. Dette favner både folkehelse, friluftsliv og reiseliv i Telemark.

Holmberg er invitert til Vest-Telemarkrådet for å informere om arbeidet mellom fylkeskommunen, kommunane og frivillige organisasjonar, spesielt knytt til felles finansiering og tilrettelegging.

*Forslag til vedtak:*

## Sak 16/2014 Brann- og redningsvesenets organisering og ressursbruk. Høyring.

Bakgrunn:
Justis- og beredskapsdepartementet sette i 2013 ned ei arbeidsgruppe med mandat å gå gjennom dei samla ressursane innafor brann- og redningsetatane med tanke på korleis desse kan nyttast best mogleg og i samhandling med andre beredskapsaktørar.
Føremålet er å nå dei nasjonale måla som går fram av St.meld. nr. 35 (2008 -2009):

- *Færre omkomne i brann*
- *Unngå tap av uerstattelege kulturhistoriske verdiar*
- *Unngå brannar som lammar kritiske samfunnsfunksjonar*
- *Styrka beredskap og handteringsevne*
- *Mindre tap av materielle verdiar*

Mandatet til arbeidsgruppa ligg som vedlegg til saken. Av dette går det fram at *Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap (DSB)* fekk i oppdrag å legge fram rapporten og si tilråding til departementet innan 1. desember 2013.

Det ligg no føre høyring i saken der ein rår til å organisere brann- og redningsvesenet fylkesvis slik at det blir 18 eller 19 einingar avhengig av om Oslo og Akershus blir ei felles eining eller ikkje.
Rapporten og 2 samfunnsøkonomiske analyser ligg som lenker i saksutgreiinga og høyringsfristen er sett til 17. februar 2014.

- Rapport frå arbeidsgruppa: http://www.dsb.no/Global/Brannvern/Dokumenter/Rapport - Brannstudien.pdf

- Samfunnsøkonomisk analyse av ny organisering av brann- og redningsvesenet: http://www.regjeringen.no/pages/38563895/Samfunnsokonomisk_analyse_brann.pdf

- Samfunnsøkonomisk analyse i tilknytning til 110-regionene: http://www.regjeringen.no/pages/38563895/Samfunnsokonomisk_analyse_110-regionene.pdf

Vest-Telemarkrådet har invitert brannsjef Tore Metveit i Vest-Telemark Brannvesen til rådsmøtet 21. januar med tanke på nærare orientering om saken.

## Sak 17/2014 RV 36 Bø - Seljord. Detaljreguleringsplaner for Stodi, Bukti og Bjørge – offentleg ettersyn.

Bakgrunn:
I brev frå Statens vegvesen datert 17. desember 2013 vert Vest-Telemarkrådet invitert til å kome med merknader til 3 detaljreguleringsplaner gjeldande strekningane Stodi, Bukti og Bjørge på RV 36 i Seljord.
Hovudmålet med prosjekta er å utbetre eksisterande veg for å betre trafikktryggleiken og trafikkavviklinga. Utbetringa vil lette framkome for næringstransport og andre tunge køyretøy.
Dette medfører mellom anna utviding av vegbreidda til 8,5 meter og utretting av kurver. På strekningane Bukti og Bjørge inneber også prosjektet vegløysingar i form av tunnelar.

Reguleringsplanene er sendt berørte grunneigarar, offentlege instansar og interesseorganisasjonar. Planane ligg ute til offentleg ettersyn i perioden 20. desember 2013 til 7. februar 2014 som også er sett som høyringsfrist for dei 3 planforslaga.

Dei utsendte planane er resultat av grundig arbeid frå vegvesenets side, og er eit viktig ledd i den omfattande prosessen med utbetring av vegar i Telemark. Utbetringane er tenkt finansiert ved hjelp av bompengar.

Planane som er på høyring finn de med å klikke på lenkene under (peker til dokument lagt ut av Seljord kommune):

- Reguleringsplan Stodi
- Føresegner Stodi
- Detaljskildring Stodi
- Reguleringsplan Bukti
- Føresegner Bukti
- Detaljskildring Bukti
- Reguleringsplan Bjørge
- Føresegner Bjørge
- Detaljskildring Bjørge

*Forslag til vedtak:*
*Vest-Telemarkrådet viser til viktigheten av å auke vegbreidda til 8,5 meter slik at dette vert minste gjennomgåande vegbreidde på RV 36.*
*Rådet ser dei føreslegne vegløysingane i form av tunnelar ved Bukti og Bjørge som gode løysingar, og har ikkje detaljerte merknader utover dette.*
*Vest-Telemarkrådet har tidlegare slutta seg til prinsippet om finansiering ved hjelp av bompengar og ber Statens vegvesen halde oppe god framdrift slik at prosjekta kan realiserast så snart som råd.*